

## Slik skal Merkur-butikkane profilerast

Merkur skal bli meir synleg i distrikts-Norge. Dei fleste distriktskjøpmenn kjenner godt til Merkur, men tilbodet er mindre kjent for kundar og lokalsamfunn. Derfor har vi i fleire år arbeidd for å få til ei ordning med utvendig profilering av butikkane som deltar i kompetanseprogrammet. No er Merkur-skilta klar. I løpet av 2018 skal alle aktuelle butikkar få tilbod om ei utvendig profilering som gjer det tydeleg at butikken deltar i Merkur.

### Kvífor skal vi skilte butikkane?

1. Skiltinga skal gjere Merkur-programmet meir synleg og dermed også meir kjent i butikkens lokalsamfunn.
2. Merkur-programmet er ein del av norsk distriktpolitikk og dermed avhengig av politisk oppslutnad. Utvendig profilering vil vere med på å gjere Merkur kjent også for kundar som ikkje tilhører lokalsamfunnet. Det kan gi Merkur viktig goodwill.
3. Kommunaldepartementet ønskjer at Merkur sitt arbeid i distrikts-Norge blir synleggjort i størst mogleg grad. Attraktive daglegvare-butikkar med Merkurs logo er med å legitimere årlege løyvingar på ca. 50 mill. kr til kompetanse-program og støtteordningar.
4. Utvending skilting av butikkane vil kunne vere med på å gjere kjøpmennene meir medvitne på si rolle som Merkur-kjøpmann og lokal utviklingsaktør. Vi meiner det vil vere ein styrke for butikkane å vise at dei deltar i eit statleg utviklings- og kompetanse-program som jobbar for at butikken skal gi eit best mogleg service-tilbod for sitt lokalsamfunn.
5. Merkur-merke vil kunne fungere som eit kvalitets-merke. Kjøpmenn som har fått mykje hjelp og støtte frå Merkur, gir uttrykk for at dei med glede vil profilere seg som Merkur-butikk overfor kundar og lokalsamfunn.



The banner features the MERKUR logo at the top. Below it is a photograph of a woman in a dark jacket standing next to a bicycle, holding a yellow shopping bag. A small child wearing a helmet is seated on the back of the bicycle. A circular orange graphic contains the text "DU HANDLAR PÅ EIN MERKUR-BUTIKK". At the bottom right of the banner is the website address "merkur-programmet.no".

**Merkur er eit kompetanseprogram for butikkar i distrikts-Norge.**

Målsettinga er å utvikle nærbutikken slik at du får det du treng av daglegvarer og tenester knytt til nærbutikken.

### Korleis skal skiltinga gjennomførast?

Profilering av Merkur-butikkar skal i utgangspunktet vere ei frivillig ordning. Skilt-programmet er godkjent av NorgesGruppen, Coop og Snarkjøp.

Merkur-konsulentane får hovudansvaret for at butikkane blir profilert på riktig måte. Sekretariatet sender ut skilt og flyers til konsulentane etter avtale. Opphenging av skilt skjer i samarbeid mellom konsulent og kjøpmann. Profileringa skal gjennomførast i løpet av 2018.

Profileringa kan gjennomførast på denne måten:

1. Butikkar som deltar i Merkurs hovudprogram, kan få utlevert skilt ved avslutning av programmet som eit synleg bevis på at dei er ein Merkur-butikk. Kjøpmennene får i dag utlevert ein diplom, som ofte blir hengt opp på vegg nær kasse-området. Utvendig profilering vil ytterlegare understreke at butikken har blitt ein del av Merkur-nettverket.

2. Butikkar som har gått gjennom kompetanse-programmet tidlegare, kan skiltast når som helst. Konsulentane kan gjerne ta med skilt i samband med butikk-besøk. Om butikken ønsker å markere dette i form av ei «avduking» med ordførar, vil det skape ekstra PR. Det kan vere ein god idé å henge opp skilt samtidig som ein opnar nybygg, ny kaffikrok eller andre investeringstiltak.

### Tre alternativ for skilt

#### 1. Merkur-skiltet

Merkur har fått laga eit dørskilt i kvit akryl som skal festast med fire skruar på ytterdør eller vegg ved sia av ytterdøra.\* Skiltet har storleik 145 x 145 mm. Skiltet har eit enkelt og moderne uttrykk og har same storleik som Michelin-guiden brukar for å skilte utvalde restaurantar.



#### 2. Klistremerke

Butikkar som av ulike grunnar ikkje ønsker eit akryl-skilt, kan få tilbod om eit vassfast klistremerke som kan festast på inngangsdøra. Klistremerket har same tekst og visuell utforming som vegg-merket. Aktuell storleik er 100 x 100 mm. Fleire butikkar har i dag liknande små klistremerke ved inngangspartiet (Securitas-vakthald, Fairtrade-produkt, Handelsstandsforeining mm.)



#### 3. Joker-butikkane

Kjøpmannshuset er i ferd med å rulle ut eit nytt fasade-konsept for alle Joker-butikkar. I dette konseptet er det satt av plass til ein «totempåle» som står rett ved inngangsdøra der det blir informert om opningstider og Ukens Joker.

Kjøpmannshuset har liggande ein Merkur-logo som kan leggast inn på botnen av denne totempålen. Det er avtalt med marknadsjef Roy Hval at denne logoen skal brukast på alle Merkur-butikkar som får ny profil .

#### Merkur-flyer

Det er trykt opp ein flyer som på ein enkel måte informerer om Merkur og den rolla Merkur spelar når det gjeld utvikling av butikk og lokalsamfunn. Flyeren er trykt opp både på nynorsk og bokmål. Flyeren skal ligge lett tilgjengeleg i området ved kassa/kaffikroken. Flyeren er eit supplement til utvendig profilering. Kvar butikk skal få 100-150 eksemplar av flyeren.

Førde, 17.01.18 PKJ

#### \*) Slik festar du Merkur-skiltet:

Hald skiltet opp mot veggen og marker dei fire festepunkta på veggen med ein blyant. Skru fast dei fire metallsylinderane ved hjelp av skruane som ligg i posen. Dersom du har murvegg, må du først bore hol og sette inn plastpluggane som ligg i posen. Fest skiltet ved hjelp av mutteren som er festa til metallsylinderen.